

Mineralriket – Østerrike

«Reisebrev frå Torgeir T. Garmo»



Far og son Steiner framfor skapet med godstuffane

Pinzgau, Untersulzbachthal, Habachthal... Namn med duft av museumsstøv og klassisk vakre mineralstuffar bak tjukke glas. Her låg dei framfor oss, alle desse dalane med namn vi minst frå falma setlar i alle verdens geologimuseum. Som nesten parallelle km-djupe renner ned i Hohe Tauern, massivt mynte dei ut her i Pinzgau. Aust-Alpane; Østerriks og Europas klassiske jaktmarker her på mineral i hundretal år. Endeleg var vi her, vi skulle bu hjå Alois Steiner, kanskje den mest kjende av dagens strahlarar i Hohe Tauern.

Alois budde inntil fjellet. Det bratte jordet bak huset egne seg knapt som traktormark og var grensa mot skogen og audemarka, mot sjølve mineralriket. Og knapt ein kilometer borte skar Habachthal seg mot sør, «Smaragd-dalen» kjend og gjennomført frå romersk tid av innfødde og eventyrarar på jakt etter den grønne steinen. Mot kveld drog skodda

seg vekk og avslørde kvite tindar høgt over grangrøn skog med hissige streif av gult lengst oppe.

Heile huset var fullt av stein

Eit digert glasskap inne i stova fekk oss til å gape av beundring. Kvarts! Kvarts i alle former og farger og storleikar, klare krystallar. Og røykfarga opptil 25 kg. Kvarts med nettverk av brunraud rutil, med rosar av jerngrans og brungrøne batar av titanitt. Beryl og brookitt, parisitt og pyritt. Auga vart stort og vått.

Da vi vart husvarme og godkjende utpå kvelden, dukka «der Enkel» opp med sine 83 år og drog oss inn i det inste heilage, der nye montrar pryda veggane. Alle dei store smaragdane hadde fått plass, både slipte opp til 16 carat, og uslipte, skarpe, gjennomsiktede krystallar opp til 5-6 cm møyssommelig pirka fram av den brungrå flogopittskiferen. Her låg den kjende scheelittoktaederet



Auga vart stort og vått – Ikkje mange museum kan vise fram slike godstuffar.

på 55-60 mm funne av oldefaren før hundreårsskiftet. Her var dei eplegrøne, gjensiktige båtkrystallane av titanitt opp til 30 mm lange. Og så epidoten frå Untersulzbachthal; skarpe, gjennomskinlege, mørkegrøne krystallar opptil 12 cm lange, i makelause samanveksningar og grupper, stundom med klare tønner av apatitt og kvilande i ei seng av hårfin bysolitt.

– Funne sjølve, forklarte Alois, av han og faren før Nasjonalmuseet i Wien tok over forekomsta.

– Men nå var vel alt tømt omkring her av dei mange tusen samlarane som kom hit i fulle bussar frå heile Europa?

– Nei, langt ifrå! Sjå på den akvamarinen junior hadde funne i går ved Beryller i Obersulzbachthal. 6 cm lang, nesten klar.

– Må berre kunna å leite, dei fleste finn ingenting og nøyer seg med ein trøstepremie kjøpt inn frå lokal strahlar med

utsalg i spisskammerset.

Forventningane steig jamt utover kvel-den med innhaldet minka i flaskane med lokal vin. Alois sjølv spelte trekkspel og jodla på tyrolsk. Toni og Maresa hadde vore her før og roa det heile ned att:

– Det finst knapt ein stein i den tippen som ikkje er snudd tre gonger!


Neste dag vart meir rik på sveitte enn på flotte stuffar.

Alois arbeidde saman med kommuna om å leggje opp ein mineralstig, og vi fekk køyre dei 15 km inn i nasjonalparken dit den virkelige oppstigninga byrja. Frå pension Alpenrose barst det 900 m nesten rett til vers på veltrakka stigar opp til hallen i 2050 moh. Her kom eg over den seige haustskodda og kunne sjå gruveopninga til smaragdgruva enda 100 m oppe i ei livsfarleg bratt renne.

Sporadisk drift i fleire hundre år sette små merke etter seg, inntil eit engelsk gruveselskap tok over før hundreår-

skiftet. Dei kom nesten 200 m inn i den mjuke talk/kloritt/flogopitt-skiferen før dei gav opp. Nå har gangen brote saman vel hundre meter inne, og her driv Alois Steiner si drift. Og han finn smaragd, opptil fleire kvar dag. Men det er lett å oversjå dei, så dei går ned på tippen der ivrige samlarar tek over med hammar og vaskepannar. Opptil eit par hundre stykke har Alois rekna her på ein gong, og enkelte ligg i telt her opptil 14 dagar om gongen.

– Utruleg, seier han, – dei finn berre rusk og små krystaller opp til 1 cm!



Smaragdgruva i Habachtal. Renna er erodert ut i den mjuke talkskiferen. Inngangen til sjølve gruva kan såvidt skimtast over den steiltstående kvartsgangen. På avstand ser tippen ut som ei vanlig norsk røys, men her er kvar stein vendt minst tre gonger, overalt flyt avfall og vaskeutstyr.

Men i alle fall syner det godt etter dei. Skrot, søppel over alt i det elles så velpleia Østerrike. Og rett bak randen går grensa til nasjonalparken i Hohe Tauern. Eg får rote einsleg på tippene og klorar til slutt fram litt grønffarge frå fast fjell. Gangar med dolomitt skjir seg ujamt igjennom talkskiferen, og der eit stort skilt forkynner at det er både forbode og livsfarleg å gå lengre, finn eg nokre stakkarlege drusar med albitt.

– Du er sanneleg ikkje fargeblind – slår Alois tørt fast, da han ser fangsta.



Det kan vera godt med ein matbit og ein liten meditasjon ved krusifikset før vi tek fatt på den beinharde oppstigninga. Toni/ Maresa og Frøydis samlar mot og krefter.